

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Trude Brosvik (Krf) stilte spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Stamvegutvalet E39. Brosvik trådte frå då utvalet vurderte hennar habilitet. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Brosvik var habil til å delta i saksbehandlinga.

Arve Helle (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet då han er styremedlem i Haukelivegen AS. Helle trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil til å delta i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Helle deltok ikkje i saksbehandlinga.

Aleksander Øren Heen (Sp) og **Alfred Bjørlo (V)** ønskja vurdering av deira habilitet. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Heen og Bjørlo var habil til å delta i saksbehandlinga.

Trym Aafløy (FNB) sette fram slikt forslag:

“Tillegg

Fylkeskommunen fortsetter sitt medlemskap i Nasjonal rassikringsgruppe.”

Avrøysting

Det var 16 representantar til stades.

Innstillinga punkt 1, 2, 4, 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Aafløy sitt forslag fekk 2 røyster (FNB) og fall.

Innstillinga punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FNB).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkeskommunen held fram med si deltaking i Stamvegutvalet E39. Fylkestinget ber fylkesordførar gå i dialog med dei aktuelle partane for å finne ut om det er interesse for å opprette eit felles kontaktutval for E39 gjennom heile Vestland.
2. Kontaktutval for E16 og Vossebana vert vidareført med fokus på strekninga Arna-Voss (K5).
3. Fylkeskommunen vidarefører sitt medlemskap i følgjande organisasjonar/selskap:
 - a) Stamvegutvalet E16
 - b) Forum nye Bergensbanen
 - c) Haukelivegen AS
 - d) IS Fjordvegen AS
 - e) Stad skipstunnel
 - f) Nasjonal rassikringsgruppe
4. Vestland fylkeskommune deltar i Vegforum Rv15 under føresetnad av at Innlandet fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune gjer det same.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen avklare samarbeidsformer med transportetatane for store statlege prosjekt, for m.a. koordinering av arbeidet i kontaktutval/selskap og i referansegrupper.